



Forsand kommune

Seksjon helse og sosial

Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 07.04.2014

Vår ref.: 14/290-3/K1-//ELO

Saksbeh. e-post:

elo@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51700141

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

Høyring om reservasjonsrett for legar

Forsand kommunestyre behandla saka i møte den 2.april 2014, og følgjande vedtak blei gjort:

Forsand kommune er positiv til reservasjonsrett i tråd med høyringsforslag, men meiner avgjerda må takast på nasjonalt nivå.

Forsand kommunestyre meiner at dersom reservasjonsretten blir gjeldane, slik som forslaget om lovendringa legg opp til, må det leggjast opp til ei ordning der kvinner kan få vita om sin rett til å kontakta sykehuset direkte dersom dei har ein reservasjonslege.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Elsa Løland
seksjonsleiar helse og sosial



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
026/14	Kommunestyret	02.04.2014

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-	Elsa Løland	14/290 - 2 14/2469

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.03.2014	Hoeringsnotat_om_reservasjonsordning_for_fastleger.pdf	86439

Høyring om reservasjonsrett for legar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forsand kommune rår frå at kommunane kan inngå avtalar med fastlegane om rett til reservasjon for å tilvisa kvinner til abort grunna eige samvit.

Behandling i Kommunestyret 02.04.2014

Jon Fløysvik sette på vegne av Krf fram følgjande framlegg:

Forsand kommune er positiv til reservasjonsrett i tråd med høyringsforslag, men meiner avgjerda må takast på nasjonalt nivå.

Silje Wiik sette fram følgjande framlegg:

Forsand kommunestyre meiner at dersom reservasjonsretten blir gjeldane, slik som forslaget om lovendringa legg opp til, må det leggjast opp til ei ordning der kvinner kan få vita om sin rett til å kontakta sykehuset direkte dersom dei har ein reservasjonslege.

Ingeborg L. Søyland sette på vegne av Sp fram følgjande framlegg:

Forsand kommunestyret meiner at staten må ta stilling til saka om ein eventuell reservasjonsrett for legar slik at det blir lik ordning i alle kommunane i landet vårt.

Ved avrøysting røysta ein alternativt over rådmannen si tilråding, framlegget frå Krf. og framlegget frå Sp – 4 røyster blei avgitt for framlegget frå rådmannen(Inge Håvard Aarskog, Frp, Thore Håland, U.pol. Bjarte Dagestad, H. Silje Wiik, Ap.)
10 røyster blei avgitt for framlegget frå Krf. (Krf. Reidar Thu, H. Reidar Høllesli, H. Arne Maudal,H. Kåre Oaland, H. Bente May Froli Stangeland, Ap.)
3 røysta for framlegget frå Sp. (Sp)

Ved avrøysting over framlegget frå Silje Wiik – 10 røysta for framlegget, (Krf. Sp. Ap.) 7 røyster blei avgitt imot

KS-026/14 VEDTAK:

Forsand kommune er positiv til reservasjonsrett i tråd med høyringsforslag, men meiner avgjerda må takast på nasjonalt nivå.

Forsand kommunestyre meiner at dersom reservasjonsretten blir gjeldane, slik som forslaget om lovendringa legg opp til, må det leggjast opp til ei ordning der kvinner kan få vita om sin rett til å kontakta sykehuset direkte dersom dei har ein reservasjonslege.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	21.01.2014	Helse- og omsorgsdepartementet	Høring - Reservasjonsordning for fastleger

Anna		
Utval	Høyring	Behandling
Eldreråd		
Råd for funksjonsh.		
Arbeidsmiljøutval		

Samandrag

Ein viser til høyringsdokumentet som ligg ved som har høyringsfrist 30.04.14.

Framlegget til høyringa er ei oppfølging av Regjeringa sin samarbeidsavtale med KrF og avtalen er følgt opp i Regjeringsplattforma.

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår ei tilføyning i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 tredje ledd, der fastlegar kan få høve til å reservere seg mot tilvising og behandling ved alvorlege samvitsgrunnar knytt til liv og død. Med konflikthar vil ein i dette framlegget fyrst og fremst forstå som abort, men den vil og gjelde aktiv dødshjelp om det skulle bli tillate. Heimelen skal ikkje omfatte føreskriving eller innsetting av prevensjon eller tilvising til assistert befrukting.

Vidare blir det føreslått endring i pasient og brukarrettighetslova § 2-1c fjerde ledd. Denne endringa skal gi grunnlag for forskrifter om utvida rett til å skifte fastlege for pasientar som står på liste hjå fastlege som har reservert seg mot tilvising til abort.

Før kommunen ev inngår avtale om reservasjonsrett med fastlegen, skal det dokumenterast at vedkommande lege har avtale med anna lege som pasienten kan bli tilvist til. Å det er plikt til at pasienten får avtale neste arbeidsdag.

Før kommunen kan inngå avtale om reservasjon må den forsikre seg om at det er andre fastlegar i nêrområdet med ledig kapasitet på sine lister, slik at det blir muleg å skifte fastlege.

Fastlegen skal informere alle sine listepasientar om ein ev reservasjonsavtale straks den er inngått med kommunen. Kommunen skal vidare sørge for at innbyggjarane får informasjon om kva for fastlegar som til ei kvar tid har reservert seg.

Vurdering og konklusjon

Lovendringsframlegget opnar for at fastlegane skal kunne reservera seg mot å utføre oppgåver som ligg innafor gjeldande lovverk. Det er skissert tiltak som skal sikra dei aktuelle kvinnene hjelp - enten ved at andre fastlegar overtar eller at kvinna kontaktar sjukehuset direkte.

Forsand kommune som andre distriktskommunar har få fastlegar. Tilbodet vil derfor bli dårlegare og mindre tilgjengeleg for kvinner som bur i distrikta. Offentleg transport og legedekning i nærliggjande kommunar påverkar og muligheita til å få dette lov festa helsetenestetilbodet.

Ut frå ei samla vurdering rår rådmannen frå at kommunane kan inngå avtalar med fastlegane om rett til reservasjon for å visa kvinner til abort grunna eige samvit.

Rådmannen ser at reservasjonretten kan komme i konflikt med innbyggjarane sin rett til denne type helsetenester med bakgrunn i kommunestorleik..

Forsand, 24.03.2014

Søren Jensen
rådmann